



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

DELÅRSRAPPORT

&

REKNESKAP

4. kvartal 2011



Styret si melding

Kvartalsrapport pr. 31.12.2011

Rekneskapen for 4. kvartal 2011 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane (IFRS) vedteke av EU. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 32 "delårsrapportering". Indre Sogn Sparebank er godt førebudd på å avlegge rekneskapen etter IFRS. Ny rekneskapsstandard fører ikkje til realitetsendringar i underliggjande verdier i rekneskapen, men vil føra til større svingingar i resultat og eigenkapital. Det som følgje av auka bruk av verkeleg verdi. Implementeringseffekten av pensjonar er vesentleg ved at ikkje resultatførde estimatavvik er ført mot eigenkapitalen pr. 01.01.2010. Banken har vurdert bygningar, tomtar og finansielle instrument til verkeleg verdi. Det er utarbeida eit notat. "Overgang til IFRS prinsipp" som syner resultat og balanseeffektar ved overgangen til IFRS som ligg som vedlegg til delårsrapporteringa 1. kvartal 2011.

Driftsresultatet før skatt

Indre Sogn Sparebank fekk eit driftsresultat før skatt på NOK 10,07 mill. pr. 31.12.2011, mot NOK 14,71 mill. pr. 31.12.2010. I 2010 inntektsførde banken NOK 2,90 mill. i 1. kvartal 2010 under posten pensjonar som ei følgje av ny pensjonsordning (AFP). I tillegg hadde banken ekstraordinære inntekter på NOK 3,10 mill. i samband med fusjonen mellom Nordito og BBS i 4. kvartal 2010. Resultat av ordinær bankdrift (driftsresultat før skatt – kursvinst/tap på verdipapir og valuta) pr. 31.12.2011 var NOK 0,81 mill. betre enn pr. 31.12.2010. Tek banken omsyn til inntektsføring av AFP-kostnaden i 2010, har drifta betra seg med NOK 3,71 mill. Driftsresultatet etter skatt gir ein eigenkapitalrentabilitet pr. 31.12.2011 på 4,08 %.

Rentenetto

Netto renteinntekter er utrekna til 1,39 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Dette er ein auke på 0,07 % sidan same tid i fjor. Grunna volum- og marginauke, har rentenettoen auka med NOK 5,38 mill. samanlikna med 31.12.2010. Svak rentenetto skuldast auka konkurranse og pressa marginar.

Driftsinntekter

Pr. 31.12.2011 var andre ordinære driftsinntekter (andre driftsinntekter + netto provisjonsinntekter/gebyr banktenester) NOK 12,49 mill. mot NOK 11,52 mill. pr. 31.12.2010.



Driftskostnader

Pr. 31.12.2011 var driftskostnadene NOK 46,76 mill. mot NOK 40,16 mill. til same tid i fjor. Auken i driftskostnader kan hovudsakleg relaterast til personalkostnader og andre driftskostnader vedkomande bankdrifta. Som nemnt vart pensjonskostnadene redusert med NOK 2,90 mill. i 1. kvartal 2010. I prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjer driftskostnadene 1,39 % pr. 31.12.2011 mot 1,27 % i fjor. Ein effekt av omlegging til IFRS pr. 31.12.2010, var reduksjon i driftskostnader på NOK 2,60 mill. Kostnadsprosenten pr. 31.12.2011 er 75,10 %. Styret har vedteke å gjennomføre eit inntekts- og kostnadsprogram, som skal gje resultatforbetringar på sikt.

Tap på utlån og garantiar

Banken har pr. 31.12.2011 tapsført NOK 3,39 mill. mot NOK 4,39 mill. til same tid i fjor. I løpet av 4. kvartal 2011, har banken redusert individuelle nedskrivningar med NOK 1,82 mill. Gruppenedskrivning har auka med NOK 1,90 mill i 4. kvartal 2011. Sum individuelle nedskrivningar utgjer 0,43 % og nedskrivning av grupper utgjer 0,23 % av brutto utlån pr. 31.12.2011.

Kapitaldekning

Pr. 31.12.2011 var banken si kapitaldekning 16,98 % mot 16,56 % pr. 31.12.2010. Utrekningsgrunnlaget har auka frå NOK 1.759,43 mill. pr. 31.12.2010 til NOK 1.824,31 mill. pr. 31.12.2011. Banken har i 2. kvartal 2011 utsteda ein konvertibel fondsobligasjon på NOK 60,00 mill. Den nye fondsobligasjonen er godkjend som kjernekapital og er tilpassa Basel III. All ansvarleg kapital i banken er kjernekapital pr. 31.12.2011. Banken sin egenkapital er NOK 216,05 mill. og netto ansvarleg kapital er NOK 309,68 mill.

Avkastning på eigenkapitalbevisa

Driftsresultat pr. 31.12.2011 etter berekna skatt, vart NOK 7,44 mill. mot NOK 11,41 mill. pr. 31.12.2010. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Difor er det heller ingen utvatningseffekt på resultatet pr. eigenkapitalbevis. Pr. 31.12.2011 utgjer avkastninga NOK 4,14 pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

Utlån

Sidan årsskiftet har utlåna auka med NOK 45,94 mill. til NOK 2.802,90 mill. eller 1,67 %. Utlån til personkundar har auka med NOK 65,52 mill. medan utlån til næringslivet har minka med NOK 19,58 mill. I tillegg yter banken NOK 363,40 mill. i lån til banken sine personkundar via Terra Boligkreditt AS. I 2011 er det ein auke i porteføljen på NOK 53,19 mill. Sett i samanheng med Terra Boligkreditt AS, hadde banken totalt ein auke i utlåna på NOK 99,13 mill, eller 3,23 %.

Innskot

Sidan årsskiftet har innskota i banken auka med NOK 122,85 mill. til NOK 1.969,22 mill. Innskot frå personkundar har auka med NOK 67,78 mill. medan innskot frå næringslivskundar har auka med NOK 55,07 mill. Innskotsdekninga pr. 31.12.2011 er 70,26 %.



Forvaltningskapital

Banken sin forvaltningskapital har sidan årsskiftet auka med NOK 35,82 mill. til NOK 3.313,40 mill. pr. 31.12.2011, ein auke på 1,09 %.

Utsiktene framover

Resultatet i fjerde kvartal 2011 er framleis prega av den internasjonale finansuroa med urealiserte tap på verdipapir. Ordinær drift viser positiv utvikling, men banken har likevel utfordringar på kostnadssida. Styret har sett i gang tiltak for å betra lønsemda. Styret har god kontroll på banken sin kreditt- og likviditetsrisiko. Uro i finansmarknaden skapar større usikkerheit om framtidig utvikling enn normalt. Med god soliditet og likviditet er banken godt budd på effektane av ein uroleg marknad. Banken har sikra seg med NOK 60 mill. i ny kjernekapital gjennom konvertible fondsobligasjonar som er tilpassa Basel III. Kapitaldekninga er god og syner tilfredsstillande nivå sett i lys av banken sitt mål for framtidig vekst. Det vert arbeidd kontinuerleg med kvalitet og kompetanseheving blant dei tilsette.

Styret har tru på at 2012 vil utvikle seg tilfredsstillande.

Årdalstangen den 02. februar 2012.

Siri Laumannsås
Styreleiar

Leif Åberge

Sonja-Mari H. Atterås

Janne Dokken

Harald Blaaflat Mundal

Egon M. Moen
Adm.banksjef

Delårsrekneskap 4. kvartal 2011

					31.12.2011 i % av gj.sn. forv.kap.
RESULTAT (i 1.000 kr)	4. kv.11	4. kv.10	31.12.2011	31.12.2010	
Renteinntekter	36.100	30.794	132.981	115.258	3,95 %
Rentekostnader	23.359	20.274	86.020	73.680	2,55 %
Netto renteinntekter	12.741	10.520	46.961	41.578	1,39 %
Utbyte	0	-529	2.810	2.759	0,08 %
Provisjonsinntekter m.v.	3.981	3.949	15.242	14.359	0,45 %
Provisjonskostnader m.v.	731	798	3.025	3.115	0,09 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	1.191	1.098	-2.045	3.409	-0,06 %
Andre driftsinntekter	28	40	277	275	0,01 %
Netto andre driftsinntekter	4.469	3.760	13.259	17.687	0,39 %
Løn og generelle adm.kostnader	8.571	7.935	32.322	27.842	0,96 %
Avskrivninger på driftsmidler	987	968	3.952	3.850	0,12 %
Andre driftskostnader	2.654	2.006	10.486	8.468	0,31 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	12.212	10.909	46.760	40.160	1,39 %
Tap på utlån	17	1.510	3.389	4.394	0,10 %
Driftsresultat før skatt	4.981	1.861	10.071	14.711	0,30 %
Skattekostnad	1.249	625	2.629	3.302	0,08 %
Resultat etter skatt	3.732	1.236	7.442	11.409	0,22 %
Utvida resultat					
Pensjonskostnad	-1.249	0	-1.249	0	
Finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	-65	1.861	2.496	-1.081	0,07 %
Utvida resultat etter skatt	-1.314	1.861	1.247	-1.081	0,07 %
Totalresultat	2.418	3.097	8.689	10.328	0,29 %
Basis og utvatna resultat per egenkapitalbevis	2,08	0,69	4,14	6,35	
BALANSE (i 1.000 kr)					
Eigendelar			31.12.2011	31.12.2010	% av forv.kap.
Kontantar og fordringar på sentralbankar			177.935	188.467	5,37 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			32.715	32.730	0,99 %
Utlån til kundar			2.784.392	2.735.093	84,03 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet			206.282	199.024	6,23 %
Verdipapir tilgjengeleg for sal			69.592	66.931	2,10 %
Utsett skattefordel			3.125	3.268	0,09 %
Varige driftsmidler			38.940	42.370	1,18 %
Overtekne og andre eigendelar			421	9.700	0,01 %
Sum eigendelar			3.313.402	3.277.583	100,00 %
Gjeld og egenkapital					
Gjeld til kredittinstitusjonar			223.511	223.440	6,75 %
Innskot frå kundar			1.969.222	1.846.376	59,43 %
Gjeld ved utsteda verdipapir			741.655	769.465	22,38 %
Anna gjeld			20.682	94.658	0,62 %
Pensjonsforpliktingar			9.048	8.466	0,27 %
Ansvarleg lånekapital			133.231	125.383	4,02 %
Sum gjeld			3.097.349	3.067.788	93,48 %
Opptent egenkapital			151.616	145.358	4,58 %
Innskoten egenkapital			64.437	64.437	1,94 %
Sum egenkapital			216.053	209.795	6,52 %
Sum gjeld og egenkapital			3.313.402	3.277.583	100,00 %
Postar utanom balansen					
Garantiar			127.346	131.873	
Garanti Terra Boligkreditt AS			43.961	45.513	
Portefølje Terra Boligkreditt AS			363.395	310.204	



Eigenkapitaloppstilling pr. 31.12.2011

i 1.000 kr

	Innskoten eigenkapital			Opptent eigenkapital			Sum eigen- kapital
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjammings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster	
Eigenkapital 31.12.2009 NGAAP	63.250	1.187	116.791	608	3.361		185.197
Reklassifisert utbyte frå gjeld til eigenkapital				537			537
Endring i rekneskapsprinsipp ved første gongs implementering av IFRS			-363			14.769	14.406
Opningsbalanse 01.01.2010 IFRS	63.250	1.187	116.428	1.145	3.361	14.769	200.140
Årets resultat			3.701	4.007	3.701		11.409
<i>Utvida resultat</i>							
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						-1.081	-1.081
Årets totalresultat 2010	0	0	3.701	4.007	3.701	-1.081	10.328
<i>Transaksjonar med eigarane</i>							
Utbetalt utbyte for 2009				-537			-537
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>							
Utbetalt frå gåvefond					-135		-135
Eigenkapital 31.12.2010 IFRS	63.250	1.187	120.129	4.615	6.927	13.688	209.795
Resultat etter skatt			2.411	2.621	2.410		7.442
<i>Utvida resultat</i>							
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			-1.735				-1.735
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			486				486
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						2.496	2.496
Totalresultat 31.12.2011	0	0	1.162	2.621	2.410	2.496	8.689
<i>Transaksjonar med eigarane</i>							
Utbetalt utbyte for 2010				-1.771			-1.771
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>							
Endring i innskoten eigenkapital	-31.625	31.625					0
Utbetalt frå gåvefond					-660		-660
Eigenkapital 31.12.2011 IFRS	31.625	32.812	121.291	5.465	8.677	16.184	216.053



Kontantstraumanalyse

i 1.000 kr

	2011	2010
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar		
Resultat før skattekostnad	10.832	13.630
Betalt skatt i perioden	-3.727	-347
Ordinære avskrivningar	3.952	3.850
Nedskrivning/reversering langsiktige verdipapir (utvida resultat)	-2.561	1.081
Endring pensjonar	582	-60
Endring utlån kredittinstitusjonar med avtalt løpetid	2.250	-1.860
Endring utlån	-49.299	-224.303
Endring gjeld til kredittinstitusjonar	71	-113.526
Endring innskot frå kundar	122.846	159.637
Endringer kortsiktige verdipapir	-7.258	-1.603
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-63.947	15.076
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	13.741	-148.425
Kontantstraum frå investeringsaktivitetar		
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	-639	-7.612
Innbetalningar ved sal av langsiktige verdipapir (investeringsportefølje)	117	0
Utbetalningar ved kjøp av langsiktige verdipapir (investeringsportefølje)	-100	-6.301
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-622	-13.913
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar		
Innbetalningar ved opptak av obligasjonsinnlån	309.015	323.651
Utbetalningar ved nedbetaling av obligasjonsinnlån	-328.000	-340.000
Tilbakebetalingar av eigenkapital	-1.771	-537
Utbetalningar til gåver	-660	-135
Netto kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar	-21.416	-17.021
Netto kontantstraum for perioden	-8.297	-179.359
Kontantar og kontantekvivalentar ved byrjinga av perioden	217.087	396.446
Kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden	208.790	217.087
Denne er sett saman av:		
Bankinnskot m.v. utan avtalt løpetid	208.790	217.087



Notar

1 Generell informasjon

Indre Sogn Sparebank er ein ekte lokalbank med kunden i sentrum. Banken er sjølvstendig og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Banken tilbyr primært banktenestene sine til person- og næringslivskundar i Indre Sogn men har òg avdeling i Bergen og har elles kundar ut over kommunegrensene. Indre Sogn Sparebank er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Rekneskapet gjeld for perioden 01.01.2011 til 31.12.2011. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane.

Rekneskapet 4. kvartal 2011 vart vedteke av styret 02. februar 2012.

2 Vilkår for utarbeiding av rekneskap for 4. kvartal 2011

Rekneskapet til Indre Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Delårsrapporten er revidert.

For ytterlegare informasjon, sjå prinsippendringsnotat og prinsipp vist i delårsrapporteringa for 1. kvartal 2011 jf. note 3 og 4.

3 Rekneskapsprinsipp

Dei same rekneskapsprinsippa og berekningane som vart nytta i delårsrekneskapen for 1. kvartal 2011, er nytta i delårsrekneskapen for 4. kvartal 2011 med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

4 Informasjon om prinsippending

For informasjon om prinsippending, sjå delårsrapporteringa for 1. kvartal 2011.



5 Transaksjonar med nærståande

i 1.000 kr

Tillitsvalde/leiang	Utlån pr. Innskot pr.	
	31.12.11	31.12.11
Styret		
* Siri Lagmannsås, leiar	0	3.180
Leif Åberge, nestleiar	1.726	111
Sonja-Mari H. Atterås, medlem	0	23
**Harald Blaafat Mundal, medlem	252	236
Janne Dokken, medlem	1.399	20
Sum styret	3.376	3.570
Leiande tilsette/leiargruppa i banken		
Egon Moen, adm. banksjef	2.067	0
Karin Vikane, ass. banksjef	600	949
Anita Læg Reid, sjef næringsliv	2.499	35
Lars Grenager, sjef personmarknad	3.315	185
Sum leiing	8.481	1.169
Totalsum utlån/innskot	11.857	4.740

*Styreleiar i 2011, Siri H. Lagmannsås er dagleg leiar for Økonomiservice AS, som pr. 31.12.2011 hadde samla innskot på NOK 3,1 mill. som står oppført på ho.

**Styremedlem i 2011, Harald Blaafat Mundal er dagleg leiar for Lite Nytt AS, som pr. 31.12.2011 hadde samla innskot NOK 64 tusen som står oppført på han.

6 Hending etter balansedag

Det har ikkje forekomme hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i, rekneskapet eller i notar til rekneskapet.



7 Segmentinformasjon

Utlånsfordeling

	31.12.2011	31.12.2010	2010 +/-
			i 1.000 kr
Lønstakarar	2.203.291	2.137.774	65.517
Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	45.346	45.529	-183
Industri	21.953	36.787	-14.834
Bygg og anlegg	65.139	71.750	-6.611
Handel, hotell, transport, tenester	158.625	149.769	8.856
Finansiering, egedomsdrift	270.564	290.275	-19.711
Offentleg forvaltning og andre	37.978	24.975	13.003
Sum utlån før nedskrivningar	2.802.896	2.756.859	46.037
Individuelle nedskrivningar	-12.004	-16.466	4.462
Gruppevisse nedskrivningar	-6.500	-5.300	-1.200
Sum utlån til kundar	2.784.392	2.735.093	49.299

Innskotsfordeling

	31.12.2011	31.12.2010	2010 +/-
Lønstakarar	1.231.463	1.163.683	67.780
Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	43.084	39.542	3.542
Industri	26.223	20.115	6.108
Bygg og anlegg	51.213	60.571	-9.358
Handel, hotell, transport, tenester	54.622	44.316	10.306
Finansiering, egedomsdrift	466.852	276.899	189.953
Offentleg forvaltning og andre	95.766	241.250	-145.484
Sum innskot	1.969.222	1.846.376	122.846



8 Misleghald og tap på utlån

		i 1.000 kr	
a) Brutto- og netto misleghaldne engasjement			
Misleghald over 90 dagar		31.12.2011	31.12.2010
Misleghald næringslivskundar		10.010	5.082
Misleghald personkundar		16.481	18.607
= Brutto misleghaldne engasjement		26.491	23.689
- Individuelle nedskrivningar		2.547	5.360
= Netto misleghaldne engasjement		23.944	18.329
Misleghald over 30 dagar			
Misleghald næringslivskundar		16.065	8.462
Misleghald personkundar		24.086	37.339
= Brutto misleghaldne engasjement		40.151	45.801
- Individuelle nedskrivningar		2.447	5.560
= Netto misleghaldne engasjement		37.704	40.241
Tapsutsette engasjement 30 dagar			
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement		40.357	32.480
- Individuelle nedskrivningar		9.657	11.105
= Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement		30.700	21.375
Tapsutsette engasjement 90 dagar			
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement		40.357	32.744
- Individuelle nedskrivningar		9.557	11.306
= Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement		30.800	21.438
b) Kostnadsførte tap gjennom året			
		2011	2010
Endring i individuelle nedskrivningar i året		-4.562	-381
+/- Endring i gruppenedskrivning på utlån gjennom året		1.200	-1.400
+ Konstanterte tap gjennom året som tidlegare er individuelt nedskrivne		6.158	5.271
+ Konstanterte tap i perioden som tidlegare ikkje er individuelt nedskrivne		1.077	1.067
- Inngang på tidlegare års konstanterte tap		484	163
= Tapskostnader i inneverande år		3.389	4.394
Individuelle nedskrivningar på utlån og garantiar gjennom året			
+ Individuelle nedskrivningar på utlån per 01.01		16.466	17.047
- Konstaterte tap gjennom året som er individuelt nedskrivne tidlegare år		6.157	5.143
+ Netto auka individuelle nedskrivningar gjennom året		3.161	6.710
+ Nye individuelle nedskrivningar gjennom året		3.783	4.808
- Tilbakeførte individuelle nedskrivningar på utlån gjennom året		5.249	6.956
= Individuelle nedskrivningar på utlån per 31.12		12.004	16.466
Tapsavsetninger på garantiar		100	200
Gruppenedskrivningar på utlån m.v. gjennom året			
Gruppenedskrivningar til dekking av tap på utlån m.v. pr. 01.01		5.300	6.700
+/- Endring gruppenedskrivning gjennom året		1.200	-1.400
= Gruppenedskrivning til dekking av tap på utlån per 31.12		6.500	5.300
c) Inntektsførde renter der det er føreteke nedskrivning			
		2011	2010
Inntektsførde renter på utlån der det er føreteke nedskrivning		824	1.822



9 Engasjement med risikoklassifisering

i 1.000 kr.

Risikoklasse	Brutto engasjement		Individuell nedskrivning		Netto engasjement		%	
	31.12.2011	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2010
Låg	3.044.465	2.786.159	2.000	0	3.042.465	2.786.159	86,8 %	83,7 %
Normal	186.999	159.850	300	0	186.699	159.850	5,3 %	4,8 %
Høg	50.035	53.024	7.728	10.600	42.307	42.424	1,2 %	1,3 %
Problemengasjement	10.967	25.614	2.002	6.027	8.964	19.587	0,3 %	0,6 %
Ikkje klassifiserte	222.882	322.344	74	38	222.808	322.306	6,4 %	9,7 %
Sum	3.515.348	3.346.991	12.104	16.665	3.503.244	3.330.326	100,0 %	100,0 %

Brutto engasjement inkluderar utlån til kundar før nedskrivning, unyttta kreditrammer, garantiar og unyttta garantirammer.

10 Gjeld ved utsteda verdipapir

i 1.000 kr

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi			Rente- vilkår
				31.12.2011	31.12.2010	31.12.2010	
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010299308	17.01.2006	17.01.2011	38.000	0	38.156	38.156	3 mnd. NIBOR + 0,19 %
NO0010403744	14.12.2007	12.12.2010	53.000	0	0	0	3 mnd. NIBOR + 0,45 %
NO0010451313	15.08.2008	15.08.2011	200.000	0	200.641	200.641	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
NO0010462070	29.09.2008	29.03.2011	40.000	0	40.165	40.165	3 mnd. NIBOR + 2,00 %
NO0010521594	17.06.2009	15.06.2012	150.000	150.217	150.291	150.291	3 mnd. NIBOR + 1,50 %
NO0010566847	19.03.2010	19.03.2015	165.000	164.580	164.770	164.770	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
NO0010576812	09.06.2010	09.01.2012	75.000	75.650	75.181	75.181	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
NO0010592058	19.11.2010	19.11.2014	100.000	100.401	100.261	100.261	3 mnd. NIBOR + 1,30 %
NO0010604887	15.03.2011	15.03.2013	100.000	100.113	0	0	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
NO0010612419	06.06.2011	06.06.2014	100.000	100.229	0	0	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
NO0010626245	30.09.2011	28.09.2012	50.000	50.465	0	0	Fastrente 3,60 %
Sum sertifikat- og obligasjonslån				741.655	769.465	769.465	
Ansvarleg lånekapital							
NO0010309537	03.05.2006	03.05.2011	50.000	0	49.988	49.988	3 mnd. NIBOR + 0,50 %
Fondsobligasjonar							
NO0010238264	29.09.2004	Evigvarande Calldato 29.09.2014	40.000	39.796	40.063	40.063	3 mnd. NIBOR + 2,15 %
Statens Finansfond	01.12.2009	Evigvarande	33.000	35.694	35.332	35.332	Referanserente + 6 % 2)
NO0010606270	06.05.2011	Evigvarande	60.000	57.741	0	0	3 mnd. NIBOR + 5,50 % 3)
Sum ansvarleg lånekapital				133.231	125.383	125.383	

1) Utsteding av ytterlegare NOK 10 mill. 19.11.2010.

2) Referanserente tilsvarar gjennomsnittet av dei fem siste handledagar før rentefastsetjingsdag for norsk syntetisk årlig effektiv rente på statskassvekslar med 6 månaders bindingstid som notert på Noregs Bank sine nettsider. Margin er sett til 6,0 %.

3) Lånet har ein konverteringsrett for obligasjonseigarane, som kan velja å kovertere obligasjonar til eigenkapitalbevis til kurs 100 på kvart rentebetalingsstidspunkt fram til og med 15.03.2016. Rentevilkåra til lånet er inklusive konverteringsretten er uvesentleg forskjellige frå alternative vilkår utan konverteringsrett. Banken har difor ikkje skilt ut ein eigenkapitalandel frå lånet. Lånet tel som kjernekapital.



11 Ansvarleg kapital

i 1.000 kr

	31.12.2011	31.12.2010
Kjernekapital:		
Grunnfondsbevis	31.625	63.250
Overkursfond	32.812	1.187
Sparebankens fond	121.291	120.094
Gåvefond	8.677	6.546
Utjarningsfond	5.465	2.414
Fondsobligasjonar	130.275	72.250
Frådrag	-20.465	-13.980
Sum kjernekapital	309.680	251.761
Tilleggskapital:		
Ansvarleg lån	0	49.600
Anna tilleggskapital	0	0
Frådrag	0	-9.969
Sum tilleggskapital	0	39.631
NETTO ANSVARLEG KAPITAL	309.680	291.392
Eksponeringskategori:		
Statar	0	0
Lokal regional styresmakt	13.395	19.888
Institusjonar	82.429	39.639
Føretak	216.849	270.690
Massemarknad	10.571	18.273
Pantesikra eigedom	1.151.182	1.078.113
Forfalne engasjement	25.646	30.046
Obligasjonar med fortrinnsrett	10.441	7.477
Andelar verdipapirfond	24.752	17.321
Andre engasjement	209.014	187.925
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	118.259	115.295
Frådrag	-38.225	-25.238
SUM BEREKNINGSGRUNNLAG	1.824.313	1.759.429
Kapitaldekning %	16,98 %	16,56 %
Kjernekapitaldekning %	16,98 %	14,31 %



12 Dei 20 største eigenkapitalbeviseigarane

Dei 20 største eigarane pr. 31.12.2011 utgjer 47,46 % av eigenkapitalbeviskapitalen.

Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP Pensjon PK	50.383	7,97 %	Leif Magne Thu	8.683	1,37 %
Terra Utbytte	46.700	7,38 %	Egon Mogens Moen	8.244	1,30 %
Hilleik A/S	33.816	5,35 %	Leiepakking AS	8.000	1,26 %
Helge Rogne	24.466	3,87 %	Sparebanken Vest	7.670	1,21 %
Årdal Stålindustri	23.000	3,64 %	Luster Sparebank	7.600	1,20 %
Terra-Gruppen	11.200	1,77 %	Aurland Sparebank	6.800	1,08 %
Erik Wahlstrøm	11.000	1,58 %	Vik Sparebank	6.650	1,05 %
Årdal Kommune	10.000	1,58 %	Berglund AS	6.000	0,95 %
Heyern AS	10.000	1,49 %	Tord Geir Wikborg	5.550	0,88 %
Utbyttekapital AS	9.400	1,30 %	Roy Helge Hundere	5.000	0,79 %
SUM				300.162	47,46 %



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

Org.nr. 837 897 912 - telefon 57 64 85 10 - nettpost@indresognsparebank.no

Ekte lokalbank

Øvre Årdal - Årdalstangen - Lærdal - Borgund - Sogndal - Bergen